



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

Protokoll frå møte i

Askvoll sokneråd

Tid: Tysdag 12.08.2025 kl. 17:30-18:50

Stad: Askvoll kyrkjekontor, møterom

Møtande medlemmer og varamedlemmer:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Terje Mork	Nestleiar
Lillian Gjervik	Medlem
Frida Melvær	Medlem
Synnøve Melvær	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Jostein Gryte	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Ragnhild Stav	Medlem
Astri Thorsen Landøy	Varamedlem
Knut Magne Nesse	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Arnt Johnny Langeland	Medlem
-----------------------	--------

Ragnhild Stav vart ønskt velkommen som nyttilsett prest i Askvoll sokn.

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
SR 2025/32		Godkjenning av innkalling og dagsorden	Rune Ziener
SR 2025/33		Godkjenning av protokoll frå møte 11.06.2025	Rune Ziener
SR 2025/34		Skriv, meldingar og drøftingar	Rune Ziener
FR 2025/35		Budsjettkontrollrapport og budsjettjustering 2025	Rune Ziener
SR 2025/36		Suppleringsoppnemning til kyrkjemusikkutvalet	Rune Ziener

Askvoll, den 12.08.2025

Rune Ziener
referent

SR 2025/32 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SR 2025/33 Godkjenning av protokollen frå møte 11.06.2025

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 11.06.2025.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 11.06.2025.

SR 2025/34 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 16/2025	Status for samarbeidsprosjekt om kyrkjeleg undervisning og læring
M 17/2025	Status for investeringsprosjekta
M 18/2025	Oppheng av votivskip i Askvoll kyrkje
M 19/2025	Klokkeringing for Gaza 7. august 2025

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, med følgjande presiseringar:

Til M 17/2025: *Om naudsynt vert prosjektet på Holmedal kyrkje splitta opp i to for å halde framdrift i prosjektet.*

Ein arbeider vidare på øvrige prosjekt og engasjerer fagfolk til å sjå nærare på løysing for HC-tilkomst til koret i Askvoll kyrkje.

Til M 18/2025: *For å få hengt opp votivskipet leigar ein inn stillas og nokre frå soknerådet stillar på dugnad i samband med opphenginga.*

FR 2025/35 Budsjettkontrollrapport og budsjettjustering 2025

Ulike forhold gjer det nødvendig å justere budsjettet for 2025.

Det skulle etter økonomireglementet vore lagt fram tertialrapport etter april månad med evt. budsjettjustering.

Denne er lagt fram no i etterkant med rekneskapstal pr. primo august.

Driftsmarginen for 2025 ser så langt ut betre enn ein forutsette ved byrjinga av året. Særleg gjeld dette pga. ikkje-budsjettert sjukelønnsrefusjon som pr. august utgjer om lag kr 100.000,- over budsjettert samla for alle tenester.

I justeringsforslaget er føreslege brukt kr 44.000,- av denne refusjonen. Ein må sjå litt an ut over kor mykje av sjukelønnsrefusjonen som vil måtte brukast til å dekke opp for vikarbruk.

Det var budsjettert med «uføresettpost» på vedlikehald og inventar med kr 21.000,-. Ein har pr. august brukt litt i overkant av dette beløpet på reparasjon av vinduslekkasjar på Askvoll kyrkje og monteringskostnader for varmestyringsanlegget i Askvoll kyrkje.

Kyrkjeleg administrasjon

Arkivsystem/saksbehandlingsprogram

Sidan soknet hausten 2024 gjekk over til Dnk sin nye fellesplattform for dataløysingar (Kirkepartner), har ein ikkje hatt eit fungerande journal- og arkivsystem. Dette må ein snarast få bragt på plass, og få opp å gå eit fullverdig og funksjonelt sakshandsamings- og arkivsystem. Pr. no er det etterslep i journal- og arkivføring fordi ein ikkje har ei slik digital løysing på plass.

Kirkepartner sitt tilbod har ein relativt høg etablerings- og oppstartskostnad (kr 20.000,- inkludert opplæring), men årleg lisenskostnad for to brukarar ligg på om lag kr 4.500,-.

Med sjukelønnsrefusjonane som ligg føre, burde det no vere rom for å ta denne etableringskostnaden.

Andre justeringar for kyrkjeleg administrasjon

Det var behov for ein større reparasjon på skrivar/kopimaskin i 2025, der ein no ligg om lag kr 10.000,- over budsjettet.

Høgre kostnad enn budsjettert med nær kr 12.000,- til personalforsikringar.

Sjukelønnsrefusjon

Grunna etterslep i refusjonsinntekter på sjukelønn har ein i underkant av kr 80.000,- i refusjonsinntekter som ikkje var budsjettert med på tenesta kyrkjeleg administrasjon.

Om ein går for arkivløysinga i 2025 kan etableringskostnaden her og øvrige overskriddingar finansierast med høgre sjukelønnsrefusjon enn budsjettert.

Justeringar:

31850.200.04100.000	Forsikringar	12 000
31950.200.04100.000	Avgifter, gebyr, lisensar etc.	22 000
32400.200.04100.000	Serviceavtalar og reparasjonar	10 000
37100.200.04100.000	Sjukelønnsrefusjon	-44 000
SUM		0

KyrkjerPiano Holmedal

I samsvar med siktemål i soknet sin instrumentplan frå juni 2025 er pianoet i Askvoll kyrkje avhenda. Ein fekk tilbod om tilbakekjøp av dette til kr 10.000,- inkludert frakt etter at mottakar hadde restaurert pianoet. Dette vart kjøpt tilbake for bruk i Holmedal kyrkje, då dette var ei vesentleg billegare anskaffing enn dei kr 50-100.000,- som er lagt til grunn i planen etter samråding mellom soknerådsleiar og kyrkjevevje.

Dette kjøpet vert tilrådd finansiert med fondsmidlar frå bunde fond *Holmedal kyrkje, orgel/inventar* (disponibelt om lag kr 164.000,-).

Det er mogleg ein bør kjøpe inn ein luftfuktar til instrumentet og for å ta vare på instrumentet og hindre uttørking.

Transportabelt instrument

Elektrisk piano for bruk til speling med solist i gravferd/vigsel og salmekveldar i samsvar med instrumentplan for soknet.

Ein har ikkje innhenta konkret tilbod, men bør kjøpe inn eit slikt instrument når ein har tilgjengelege fondsmidlar.

Det er anselege kr 20.000,- i planen, men inntil kr 25.000,- bør kunne setjast som maksimal sum her. Val av instrument vert føreteke av kantor i samråd med kyrkjevevje. Ein kan t.d. bruke midlar frå bunde fond *Musikkutstyr Askvoll* (disponibelt om lag kr 39.000,-).

Ompostering frå vedlikehald til inventar og utstyr

Det var sett kr 41.000,- til uføresett under vedlikehald. Ca. kr 12.000,- av desse er brukt til montering av varmestyringssystemet i Askvoll kyrkje.

Her bør ein føreta ein ompostering mellom postane.

Justeringar:

32000.200.04200.000	Inventar og utstyr	47 000
32300.200.04200.000	Vedlikehald	-12 000
39500.200.04200.000	Bruk av bunde fond (spes. 7023)	-10 000
39500.200.04200.000	Bruk av bunde fond (spes. 7023)	-25 000
SUM		0

Trusopplæring – interkommunalt samarbeid (04436)

Ein manglar ønska progresjon i samarbeidsprosjektet. Om ein kjem vidare med aktuelt samarbeidsprosjekt veit ein ikkje per i dag, men det er i alle høve urealistisk med tilsetjing i rekneskapsåret 2025.

Ein bør då nedbudsjettere lønn og sosiale utgifter som låg i denne tenesta, samt finansieringa av dette.

Nokre mindre administrative kostnader kan stå att då desse allereie er påløpne i 2025 refundert til andre fellesråd. Finansiering for dette vert lagt inn med intern overføring frå 04432 (tilskotsmidlar trusopplæring).

Justeringar:

30100.200.04436.000	Fast lønn	-417 000
30102.200.04436.000	Avtalefesta tillegg kveld	-6 000
30103.200.04436.000	Tillegg	-13 000
30504.200.04436.000	Telefongodtgjersle	-3 000
30903.200.04436.000	Pensjonsinnskott – KLP	-77 000
30905.200.04436.000	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	-2 000
30990.200.04436.000	Arbeidsgjevaravgift	-55 000
31500.200.04436.000	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl)	-5 000
31600.200.04436.000	Skyss og diettgodtgjersle	-22 000
33400.200.04436.000	Refusjon til fellesråd	11 000
37401.200.04436.000	Refusjon frå fellesråd	300 000
37800.200.04436.000	Interne overføringar	-11 000
39500.200.04436.000	Bruk av bunde fond	300 000
SUM		0

Trusopplæring (04432)

Lønn til ekstrahjelp på vedteke tiltaksplan i haust må inn i budsjettet.

Estimert omfang her er regulativlønn på om lag kr 30.000,- pluss sosiale utgifter

Det ser ut som at det i opphavleg budsjett ikkje er teke høgde for alle utgifter knytt til planlagt leir og konfirmantfestival, inkludert reiseutgifter. Basert på tidlegare utgiftsnivå her og forventa konfirmanttal til hausten bør ein auke opp budsjettpostane her med kr 38.000,- for deltakaravgift og kr 20.000,- for transport.

Innkjøp av undervisningsmateriell til konfirmantar og bøker til utdeling bør aukast opp med om lag kr 12.000,- for dekke opp planlagte innkjøp.

Grunna planlagt trusopplæringsaktivitet resten av hausten bør det og leggst inn noko auke for generell trusopplæringsaktivitet, kr 5.000,-.

Samla auke for dette vert då kr 103000,-.

Tilskottet for 2025 ligg høgre enn budsjettert (pga. lågare nedtrekk enn forventa), så her kan ein auke opp inntektssida med kr 136.000,-.

Behovet for bruk av bunde fond vert såleis redusert. Her var budsjettert med kr 22.000,- men dette kan ein redusere med kr 10.000,- som følgje av justeringane.

Justeringar:

30300.200.04432.000	Ekstrahjelp	30 000
30903.200.04432.000	Pensjon	5 000
30990.200.04432.000	Arbeidsgivaravgift	5 000
31100.200.04432.000	Forbruksmateriell utstyr og tenester	12 000
31200.200.04432.000	Anna forbr.materiell/tenester	43 000
31700.200.04432.000	Reiseutgifter/transportmidlar	20 000
33800.200.04432.000	Interne overføringar (til 04436)	11 000
38050.200.04432.000	Tilskot frå rettssubjektet Dnk	-136 000
39500.200.04432.000	Bruk av bunde fond	10 000
SUM		0

Finansieringstransaksjonar (08900)

Jf. vedtak i FR 2025/16 er det føreteke overføring av halvparten av det bunde fondet *Stongfjorden kapell* til Stongfjorden kapell. Dette må innarbeidast i budsjettet.

Justeringar:

37400.200.08900.000	Tilskot/gåver til andre	63 977
39500.200.08900.000	Bruk av bunde fond (spes. 7003)	-63 977
SUM		0

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

SR 2025/36**Suppleringsoppnemning til kyrkjemusikkutvalet**

Tommy Erdal var oppnemnt som medlem i Askvoll sokn sitt kyrkjemusikkutval ut inneverande valperiode for soknerådet. Etter at han slutta i stillinga som sokneprest er han såleis ute av utvalet.

Det er naturleg at lokal prest er med i utvalet.

Ragnhild Stav seier seg villig til å gå inn i utvalet.

Etter reglementet for kyrkjemusikkutvalet pkt. 2.2 er det soknerådet som oppnemner medlemmer til utvalet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd oppnemner Ragnhild Stav som medlem i Askvoll sokn sitt kyrkjemusikkutval.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd oppnemner Ragnhild Stav som medlem i Askvoll sokn sitt kyrkjemusikkutval.